

## Kvalitetssikring Mundalselvi kraftverk, utkast datert 14.10.2013

1.4 Manglar detaljert skildring av utbyggingsstrekninga. Stølen er heller ikkje omtalt.

1.5. I oppramsinga av vassdrag vil det vere nyttig med KDB f. eks i parentes bak namnet slik at ein kan finne dei igjen på kartet på side 8.

2.1. Installert turbineffekt er oppgitt til 4,8 MW på side 14, og 5,0 i tabellen – kva er riktig? Lengd til overføringsrøyr bør oppgis som ein total (1550+950) i samla kolonnen. Lengd på råka samla elvestrekning er feil (kun den eine tatt med). Bør oppgje kva år for kostnadane er basert på. De bør leggje til planlagt slepp av minstevassføring (sommar/vinter) som rader i tabellen.

2.2 Hydrologi: I figur 5 er det vanskeleg å lese kva for år som er kva, og histogram skal ikkje vere ein samanhengande kurve, men stolper. Grafen kan lesast som 1990 er stolpen ovanfor, eller den første etter lang strek. Ver vennleg å før opp kva år stolpane skal representere for å unngå misforståingar.

Kraftstasjon: Turbineffekt oppgitt som 5,0 MW, med 4,8 i hovuddatatabelen.

Vegbygging: Skal heile den eksisterande vegen forsterkast like mykje? De skriv at det i dag er køyreveg heilt opp til stølen, og eg antar då at vegen vidare er dårlegare. Kor lang er vegen ovanfor stølen og opp til kva kotehøgde går den? Det hadde vore nyttig om dette var tydeleg avmerka i detaljkartet. Her bør den alternative plasseringa av kraftstasjon òg nemnast.

2.5 Legg ved eit kart som syner eigedomsgrensar og tiltak.

2.6 Kva er det resterande INON arealet i Sogndal kommune?

3.1 Avsnittet manglar skildring av dagens situasjon og etter ev. utbygging. Det står at kurvene syner vassføring i elvane rett *oppstraums kraftverket*, men dei er like kurvene i hydroskjema som syner vassføring i elvane *rett nedstraums inntak*. Kurvene er rett, skildringa er feil.

Tal dagar med overløp for Mundalselvi er rekna utan overføring frå Botnagrovi – blir ikkje dette unøyaktig?

3.3 Her må rasfare vurderast og skildrast. Sjå mal! I BM rapporten er det nemnt at det går snøras i område der overføringa skal gå, og den skal liggje delvis i dagen. Skriv korleis de vurderar dette.

3.4 NVE og høyringspartar er avhengige av å få heile prosjektet (med alle anleggsdelar som vegar etc.) teikna inn på kart som òg syner dei viktige naturtypane for å kunne vurdere om og korleis dei blir påverka. I kartet no er kun rørgata teikna inn. Dette kartet bør og syne kvar den alternative plasseringa av kraftstasjonen på kote 115 skal ligge.

3.5. Manglar informasjon om vandringshinder. Dette må kartfestast og fotodokumenterast – her kan de enten vise til fiskerapport eller lime inn.

3.11 Friluftsliv: kvar går stiane?

3.17 Manglar forklaring på avgrensa felt. Bruk forklaringane på side 25 – her er alt godt forklart.

## VEDLEGG

1. Oversiktskart manglar

2. Detaljkartet: Manglar teiknforklaring, Heimastølen bør merkast tydeleg. Kva som er ny og eksisterande veg må kome tydeleg fram. Manglar kart som syner nettilknytning og ny kraftlinje. Hadde vore nyttig med kart som syner eigedomsgrenser.

4. Manglar foto av tiltaket i Botnagrovi. Vi treng bilete av inntaksområde og rørgata frå Botnagrovi. Sjå mal.

5. Manglar foto av Botnagrovi ved ulike vassføringar.

## **7. BM-rapport:**

4. Manglar grunngjeving for kvifor det er valt å bruke ei mindre sone enn 100 m brei rundt inngrepa.

5.5 Rapporten, saman med fiskerapporten, gir no mykje nyttig informasjon om konsekvensane av tiltaket. Dessverre er informasjonen presentert fragmentert og blir litt vanskeleg tilgjengeleg for høyringspartane. Eit grep som ville hjelpe stort på dette er eit **verdikart** (sjå mal, vedlegg II) – der ALLE anleggsdelar er teikna inn (vegar, rørgate, etc.) saman med verdier som er fargekoda for å synleggjere kvar dei ulike verdiane er plassert i influensområdet.

Legg ved artsliste av alle funn.

**Skjema for hydrologi:** Figur 5 er vanskeleg å lese kva for år som er kva, og histogram skal ikkje vere ein samanhengande kurve, men stolper. På grunn av at grafen er uklar (1990 er meint som 1990-talet, og representerar ikkje stolpen rett ovanfor), så kan den lesast slik at det ser ut som om de hadde valgt eit tørt år for å vere eit middels år.

**Skjema for klassifisering av dam og trykkrør manglar, desse skal eigentleg følgje første søknadsutkast.** Husk vedlegga til desse (sjå mal).